



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Seniørrådgivar Kjell Lyse, 71258426

Vår dato
06.03.2014
Dykkar dato

Vår ref.
2011/1737/KJLY/432.1
Dykkar ref.

Etter vedlagt adresseliste

Melding om oppstart av skogvern - Hisdalen i Sunndal kommune og Mardalen i Nesset kommune

Fylkesmannen melder med dette, etter § 42 i naturmangfaldlova, starten på eit arbeid med to naturreservat.

Meldinga gjeld vern av skog på privat grunn og områda inngår i ei ordning for frivillig vern. Verneplanarbeidet skjer med grunnlag i vedtak i Stortinget om å auke skogvernet og er såleis ein del av Regjeringa si satsing for meir skogvern.

Gjennom denne meldinga er det ønskeleg å få fram mest mogleg kunnskap og informasjon om bruken av områda, brukarinteresser eventuelt også om til dømes kulturverdiar og anna som det kan vere aktuelt å vite om og eventuelt ta omsyn til ved utarbeiding av eit endelig verneplanframlegg.

Hovudformålet med vern er å sikre to biologisk verdifulle skogsområde som ein del av naturarven. Eit vern som naturreservat inneber den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, og konsekvensen er eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet.

Det naturfaglege grunnlaget for verneframlegget er naturdata som er henta frå Naturbase – kartlag Naturtypar.

Verneområda

Hisdalen

Hisdalen, som er på 3 303 dekar, ligg ved Sunndalsfjorden og ca. 12 km nordvest for Sunndalsøra. Avstanden til nabokommunen Tingvoll er kort. Midpunktkoordinaten til området er ca. x 468871 og y 6961867 (UTM32).

Naturen i Hisdalen kan karakteriserast som sjeldan og området representerer fleire naturtypar med store verdiar knyttet til gammal furuskog, dels også gammal lauvskog, rik edellauvskog og kalkskog. Området er lite påverka av inngrep og kontinuiteten i gamle tre og daudt trevirke er god. Hisdalen med sin bratte bekkekløft aukar variasjonsbredda og området har samla sett ein særlig verdi for det biologiske mangfaldet. Området er velutvikla og med fleire sjeldne artar. Spesielt varmekrevjande artar av planter, sopp og insekt. Høgdegradienten frå Sunndalsfjorden og opp til fjellet er med på å auke arts mangfaldet.

Mardalen

Mardalen, som er på 4017 dekar, ligg på nord og vestsida av elva Mardøla i Eikesdal. Gjennom ein del av området går det ein turistveg opp mot Mardalsfossen. Midtpunkt-koordinaten til området er ca. x 454495 og y 6928237. Området omfattar også ein del av Eikesdalsvatnet landskapsvernombordet og ein del av Sandbrovbotn - Mardalsbotn biotopvernombordet. Eit vern som naturreservat vil føre til at vernegrensa for desse to områda vil bli justert og vil bli ein del av høyringa.

I nord grenser tilbodsområdet (79/3) til Jutneset naturreservat. Det vert lagt til grunn at Jutneset naturreservat vil bli slått saman med tilbodsarealet i Mardalen til eitt reservat og med ei felles verneforskrift. Vi gjer framlegg om å kalle det nye verneområdet for Mardalen naturreservat. Delar av dei eksisterande verneområda er teikna inn på vedlagt kart med grøn strek. For meir informasjon om dei tidlegare vedtekne verneområda, vi vil vise til www.naturbase.no - kartlag Verneområde.

Karakteristisk for Mardalen er den varierte lauvskogen med element av trua og sjeldan natur. Her er ein velutvikla edellauvskog med styva almar og hasselskog. I andre deler av området er naturverdien knyttet til gråor-heggeskogen. Artsmangfaldet er usedvanlig rikt, både av lav og sopp. Ein spesiell kvalitet er haustingsskogen med styva almar som både har ein særskilt naturvitenskaplig og kulturhistorisk verdi. De fleste sjeldne sopp- og lavartane er registrert i den gamle haustingsskogen. Eit mindre område opp mot Mardalsfossen er påverke av fossesprøyt. Her er både mosematter, men også gras og karplanter som er avhengige av rikelig med vatn og som representerer naturtypen fossesprøytzone.

Verneplanprosess

På bakgrunn av naturfaglege data samt semje med grunneigarane om erstatningsbeløpet og restriksjonsnivået, har Miljødirektoratet gitt fylkesmannen i oppdrag å melde start av ein verneplanprosess for områda.

Vedlagt følgjer kart som viser områdetilbodet frå grunneigarane. Dei er laga i samråd med skogeigarsamvirket Allskog som hjelper skogeigarane i slike saker. Vi legg også ved adresselista som dette brevet er sendt ut etter.

Dette brevet sammen med mellom anna eit oversiktskart og adresselista er lagt ut på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si nettside under «Høyringar». Dersom det er andre enn dei som er med på adresselista som bør få meldinga direkte tilsendt, vil vi vere takksame for å bli informert om det.

Etter denne innspelsfasen, vil verneforskrifter med tilhøyrande vernekart bli sendt på høyring. Den høyringsfristen vil bli på 2 månader.

Eventuelle spørsmål om verneplanarbeidet kan rettast til fylkesmannen, miljøvernavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Fristen for å kome med merknader/inngrep til denne meldinga er **08.04.2014**.

Dersom kommunane eller andre har behov for ei nærmare drøfting av saka før eit verneframlegg blir sendt på høyring, er det ønskeleg å bli kontakta om det så snart som mogleg.

Melding om å starte opp verneplanprosessen vil bli kunngjort i minst ei lokal avis og i Norsk Lysingsblad.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
Konst.miljøverndirektør

Kjell Lyse

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: 3

Kopi:
Miljødirektoratet postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM